



VIKALIDA

BARNEHAGE

NATUR
OG
FRILUFTSLIV

JORD

ELD

LUFT

VATN

Når mamma og pappa går ifrå kvarandre

PLAN FOR
VIKALIDA BARNEHAGE
VED
SKILSMISSE / SAMLIVSBROT

Vi vil så
spiren til
DET GODE LIV



INNHALDSLISTE:

Kva skal de som foreldre gjere.....	S. 3
Kva tiltak har Vikalida barnehage.....	S. 3
Kva kan barnehagen gjere for barnet dykkar.....	S. 3
Kva er vanlige reaksjonar hos barn i barnehagealder.....	S. 4
Kva kan de som foreldre gjere for barnet dykkar.....	S. 4
Viktig å tenkje på når barnet dykkar går i Vikalida barnehage.....	S. 5
Ein ny kvardag -små barn likar rutinar og tryggleik.....	S. 5
Bøker for barn om samlivsbrot.....	S. 6
Bøker for vaksne ved samlivsbrot.....	S. 6
Vedlegg: ”Når samlivsbrudd er løsningsen”.....	S. 7

NÅR MAMMA OG PAPPA GÅR I FRÅ KVARANDRE

PLAN FOR VIKALIDA BARNEHAGE VED SKILSMISSE / SAMLIVSBROT

Når mor og far går i frå kvarandre, er det viktig at vi i Vikalida barnehage gjer overgangen så smidig som mogeleg for barna. Derfor har vi laga ein plan med informasjon om dette temaet og korleis vi tenkjer oss å få til eit samarbeid til beste for dykk og barnet.

KVA SKAL DE SOM FORELDRE GJERE:

For at tilsette skal kunne gje dykkar barn den ekstra omsorga som barnet treng i ein så vanskeleg situasjon, er det viktig at de informerar barnehagepersonalet/ primærkontakta til barnet kva som skjer.

Er det uro eller konflikt i heimen, vil barnet dykkar bere preg av det. Derfor er det viktig med ein tidleg dialog med barnehagen i god tid før samlivsbrotet.

I samband med samlivsbrot er det naturleg at de ber om eit møte med barnehagen.

KVA TILTAK HAR VIKALIDA BARNEHAGE.

Når barnehagen får vite at det er eit samlivsbrot vil barnehagen kalle både mor og far inn på eit møte for å avklare vidare framdrift for barnet.

Kven skal barnet bu hos?

Kven har foreldreansvaret?

Ved delt omsorg når er barnet hos far og når er barnet hos mor?

Kven skal bringe å hente barnet i barnehagen?

Kven skal barnet kontakte dersom barnet er sjukt?

Kven skal ha informasjon om barnet?

Korleis ønskjer de foreldresamtaler i lag, eller kvar for seg?

Ønskjer foreldra at ny samboar/ ektefelle skal kunne delta på foreldresamtale?

Kven skal ha tilsendt informasjon og meldingar frå barnehagen

Vi kan og diskutere vidare framdrift om tettare oppfølging av barnet i ein periode for å sjå korleis barnet reagerar.

Vi kan rettleie og bli einige om korleis vi snakkar om temaet med barna. Viktig at vi snakkar same språk.

KVA KAN BARNEHAGEN GJERE FOR BARNET DYKKAR:

Primærkontakta vil være ekstra merksam i den vanskeleg tida.

For barnet er det viktig å ha trygge vaksne rundt seg, derfor må primærkontakta legge forholda best mogeleg til rette for barnet dykkar.

Primærkontakta eller ein annan person som barnet kjenner og er trygg på, vil snakke med barnet utifrå barnet sine premisser. Personalet vil samtale med barnet på ein profesjonell måte til beste for barnet utifrå alder og modning. Barnehagen har med sin kjennskap til det enkelte barn og barn si utvikling generelt, gode moglegheiter til å ivareta barn som opplever skilsmisser.

Personalet vil bruke bøker, leik og teikning. Det kan vere lettare for barnet dykkar å teikne eller fargelegge kjenslene sine enn å formidle dei direkte.

KVA ER VANLIGE REAKSJONAR HOS BARN I BARNEHAGEALDER:

Barnet dykkar kan endre åtferd med å brått trekke seg unna eller kanskje bli aggressiv i ulike situasjonar.

Mange barn kan slite med skuldkjensle fordi dei ikkje klarte å redde samlivet til foreldra sine. Dei kan tru at det er dei som ikkje har vore snille og at det er deira sin feil.

Dei kan kome til å sakne den personen som dei ikkje bur i lag med.

0 – 3 år: Dei minste barna føler i takt med den vaksne. Når mor ler, ler barnet. Græt mor græt også barnet. Disse barna er derfor vare for klima med mange kjensle. Teikn på at barn ikkje er trygge kan vere når barnet ikkje føl den utviklinga som er forventa i forhold til alder, når det gjeld søvn, motorisk utvikling, språk, toalett trening og emosjonell uavhengigskap. Blir barnet klengete og ikkje vågar å røre seg ut i verda, bør ein tenkje over om barnet er redd for å miste den det er avhengig av.

3- 6 år: Desse barna er rike på fantasi og barnet kan ha vanskar med å skilje fantasi frå røyndom . Dei kan få urealistiske førestillingar om kva eit samlivsbrot er og kva det vil tyde.

Barnet kan og få fantasiar om katastrofe når foreldra kranglar og bli panisk redde. Førskulebarn fortel ikkje direkte kva dei tenkjer og føler. Dei viser det gjennom åtferd. Her må ein også følgje med om barna går tilbake i utvikling når det gjeld søvnrytme, mat, motoriske aktivitetar, toalett tilvenjing, kjenslegmessige uavhengigskap og sosial tilpassing. Dei kan få reaksjonar på sinne i denne alderen eller at dei blir engstelege i situasjonar der dei før har vore trygge. Nokre barn reagerar og med å trekke seg tilbake i sosiale situasjonar.

KVA KAN DE SOM FORELDRE GJERE FOR BARNNA DYKKAR:

Det er viktig å snakke med barna om kva som skjer, og svare på spørsmål som barna kjem med. Kva du skal seie og kor mykje vil vere avhengig av barnet sin alder. Treng du hjelp og rettleiing kring dette, så kan du be om ein foreldresamtale med din pedagogiske leiar i barnehage. Han eller ho har kunnskap om barna sin alder og modning og vil kunne gje dykk rettleiing. Dersom de ikkje har same versjon om kva som er årsaka til at de går frå kvarandre, vær ærlige og sei til barnet dykkar at de har litt forskjellige meiningar.

VIKTIG Å TENKJE PÅ NÅR BARNET DYKKAR GÅR I VIKALIDA BARNEHAGE:

Gje alltid barnehagen beskjed dersom det er forandringar i henterutinane. Dersom feil ”Forelder” brått kjem å henta barnet kan barnehagen kome i eit dilemma.

Barnet skal ikkje fungere som bodberar. Lappar og beskjedar dykk imellom skal ikkje sendast i barnehagesekken. Det er heller ikkje dei tilsette si oppgåve å formidle beskjedar mellom mor og far.

Ikkje prat over hovudet på barnet dersom det er noko du vil ta opp med dei tilsette. Be heller om ein foreldresamtale dersom det er noko barnet ikkje skal høyre.

Husk at barnehagen skal ikkje velje side i ei konflikt, same kor mykje rett du synest at du har. Barnehagen si oppgåve er å vere barnet sitt talerør.

EIN NY KVAR DAG

Kvardagen blir brått noko heilt anna når barnet dykkar skal veksle mellom to heimar etter eit samlivsbrot. Dersom de som foreldre klarar å samarbeide godt trenger ikkje barnet dykkar å ta skade av det.

Små barn likar rutinar og tryggleik

Dei vil ha det slik som før og forstår ikkje kvifor mamma og pappa brått skal bu kvar for seg. Dersom det blir store konflikhtar under og etter eit samlivsbrot vil det påverke barnet. Korleis barnet dykkar vil reagere vil vere avhengig av dykkar barn sin personligdom.

Nokre barn er meir sårbar enn andre og kan bli ulykkelege og trekke seg litt tilbake. Andre tenkjer ikkje så mykje på det og fortsetter med sitt.

Nokre barn reagera med å bli engsteleg, sinne eller depresjon.

Dei aller minste barna er vare for sinnstemningar og merkar fort om foreldra er deprimerte og ulykkelege. Då reagerer ofte barnet med å bli vanskeleg for å få foreldra si merksemd. Nokre barn kan lett synest synd på foreldra og ta på seg ei omsorgsrolle.

Når barn er under 4 – 5 år har det lite erfaring med korleis ein familie skal vere og dei vil lettare tilpasse seg den nye tilvere.

Barn i skulealder har eit klart bilde av kva ein familie er. Når dette bilde blir øydelagt kan det opplevast som overveldande for barnet.

Det finst også tilfeller der samlivsbrot er bra for barn. Det kan vere familiar der klimaet mellom foreldra er svært konfliktfylt over lang tid. Då kan barnet oppleve at dei vaksne blir gladare etter brotet.

BØKER FOR BARN OM SAMLIVSBROT:

”Nå snakkar de om skilsmisse, og det er meg det handlar om” av Janet Stenson.(Huitfeldt)

”Nå har eg fått ny pappa, og det er litt forvirrande” av Janet Stenson (Huitfeldt)

”Even og skilsmissen” av Kirsti Haaland og Inger Landsem.

(Universitetsforlaget)

”Mille og den magiske kringlen ” av Merethe Lindstrøm. (Aschoug)

”Slik var det da Petras foreldre ble skilt” av Monika Gydal (Pax)

”To hjem” av Claire Masurel og Kady Mac Donald Denton (Flachs)

BØKER FOR VAKSNE OM SAMLIVSBROT:

”Barnet i skilsmissen” av Kirsti R. Haaland (Spesialist i klinisk Psykologi)

VEDLEGG:

”Når samlivsbrudd er løsningen” lasta ned frå www.vfb.no

Vikalida barnehage

21.08.2009

Når samlivsbrudd er løsningen

Hvis du og din partner flytter fra hverandre, er det mange spørsmål å ta Stilling til. Norsk lov regulerer noe, men ikke på langt nær alt. Alle samlivsbrudd er forskjellige, men én ting har de til felles; de er smertefulle i korte eller lengre perioder, både for voksne og barn. Kjente familiemønster brister, og det kan være forvirrende og sårt. ||||

Selv om dere flytter fra hverandre, opphører ikke rollen dere har som foreldre. Forholdet mellom deg og dine barn skal fortsette å utvikles. For barna er det viktig at dekan fortsette sine liv omtrent som før.

Lytt til barnets følelser

Hvordan barna reagerer og viser følelser avhenger blant annet av kjønn, alder og ikke minst personlighet. Babyer kan vise følelser ved å være urolige og sårbare, treåringene er ofte klengete, femåringer aggressive, åtte - niåringer voldsomme og nysgjerrige og tenåringer kan være trassige, deprimerte og utfordrende.

Det er lett å tro at den som er snill og hjelpsom – eller oppfører seg som vanlig – takler samlivsbruddet bra. Det stemmer ikke alltid. Som foreldre bør dere derfor hjelpe barna med å uttrykke og håndtere sine følelser og reaksjoner. Gi dem anledning til å snakke ut om sine tanker og fantasier – selv om det er vondt for dere.

Ikke gi forvarsler

Snakk ikke med barnet om samlivsbruddet før det er et faktum. Vent til rett før bruddet. Det er først når en eller flere av familiemedlemmene flytter, at samlivsbruddet medfører en endring i barnas liv.

Dere bør begge være til stede når barna får beskjed om bruddet. Bli enige om hva som skal sies og hvordan samtalen skal foregå. Unngå å late som om en av foreldrene er årsak til bruddet og at den andre er et offer, selv om det oppleves slik for en av dere. Det hjelper ikke barna.

Forbered barna på at det vil komme en periode hvor det blir forandringer i livet. Forsikre dem om at dere fortsatt elsker dem høyst av alt, selv om dere ikke kan være like mye sammen som før. Vær tydelige på at samlivsbruddet ikke har noe

med dem å gjøre. Mange barn tror at de er skyld i at foreldrene går fra hverandre.

Snakk med barna

Én samtale er sjelden nok. Hvor mange, lenge og hvor ofte dere skal snakke sammen, bør barna bestemme. Tilpass samtalen til barnas alder og utvikling, og husk at små barn ofte forstår mer, men tåler mindre, enn vi tror. En tenåring skal ikke ta ansvar for voksne, og han eller hun skal ikke bli din fortrolige venn.

Konflikter bør håndteres mellom de voksne. Ikke straff din tidligere ektefelle ved å gjøre kontakten mellom barna og han/henne vanskelig. Vær samtidig avventende hvis barna er urolige etter å ha vært hos din tidligere ektefelle. Som regel er det uttrykk for at barnet strever.

Snakk ikke nedsettende om din ekspartner, i hvert fall ikke når barna hører. Kritikken rammer indirekte barna, som er glad i begge sine foreldre. Snakk heller ikke nedsettende om din ekspartners familie. Barn trenger slektninger, og bør få gjøre sine egne vurderinger. Introduser heller ikke en ny partner for barna før de er klare for det.

Forsøk å sette av tid alene med barna dine – også etter at du eventuelt har møtt en ny partner. Hvis du er den som flytter, sørg for at barna dine føler seg velkommen i ditt nye hjem. En egen seng og et skap er viktig og nødvendig.

Delt omsorg eller aleneansvar

Etter en skilsmisse kan foreldrene avtale delt omsorg. Ideen bak delt omsorg og samarbeidsavtaler er at selv om man skilles som par, skal man fortsette å samarbeide som foreldre. Hvis delt omsorg ikke er aktuelt, kan den ene av foreldrene få aleneomsorgen.

Foreldre ansvar er først og fremst en juridisk avklaring av hvem av foreldrene som kan ta ulike beslutninger på vegne av barnet. Det gjelder blant annet valg av skole, navn, utstedelse av pass og flytting til utlandet. Daglig omsorg har som regel den av foreldrene som barnet bor fast hos.

Hver enkelt familie bestemmer selv hvor barnet skal bo og hvem som skal ha den daglige omsorgen. Mange foreldre har barna hos seg annenhver uke. Andre foretrekker at barna bor mest hos en av foreldrene. Begge foreldrene har ansvar for at den andre av foreldrene får treffe barna.

Hvis foreldrene er uenige om samværs formen, kan en domstol avgjøre hvor barna skal bo. Domstolen legger til grunn en utredning fra for eksempel

barnevernet og de har som hovedhensikt å komme til en løsning som er til barnets beste.

Retten skal høre på barna, men ingen barn skal tvinges til å si sin mening.

Ansvarsdeling

Mange ugifte par unnlater å ta stilling til hvem som skal ha hovedomsorgen for barna. Hvis foreldrene flytter fra hverandre, kan man likevel få delt ansvar hvis man ønsker det. Hvis bare en av foreldrene ønsker delt ansvar, og den andre motsetter seg dette, må ofte en domstol avgjøre spørsmålet.

Delt foreldre ansvar er det som ofte anses som den beste formen for omsorg. For at dette skal være en god løsning for barna, forutsetter det likevel at konfliktnivået mellom foreldrene ikke er for høyt, og at foreldrene har et godt samarbeid. Det forutsetter også at foreldrene ikke bor veldig langt fra hverandre.

Barn har krav på, og rett til, å omgås begge foreldrene. Hvis en av foreldrene har hovedomsorgen for barna, kan samværet med den andre av foreldrene løses på mange måter. Det er vanlig at barna treffer den andre av foreldrene for eksempel annenhver helg, én ettermiddag i uken, halvparten av feriene og noen uker på sommeren. Høytider deles som regel mellom foreldrene.

Det hender at barn ikke vil treffe en av foreldrene. Når barnet er 12 år, skal det ikke tvinges til å møte den av foreldrene det eventuelt ikke vil treffe. Samtidig har barn rett til å treffe søsken, besteforeldre og andre familiemedlemmer. Den av de voksne som har hovedansvaret for barnet, har også ansvar for at det får treffe sine slektninger.

Ta også høyde for at tenåringer ønsker å endre ordninger som har fungert. Det kan for eksempel hende at de vil bo mye hos en av foreldrene – også i helgene – blant annet for å treffe venner.

Få til et godt samarbeid – for barnas skyld

Vedvarende konflikt mellom foreldre er den mest stressende faktoren for barn med foreldre som har flyttet fra hverandre. Hvis dere som foreldre har problemer med å samarbeide om barna, må dere ikke gi opp. Dere kan blant annet få hjelp hos familierådgivere som bidrar til at dere får en avtale.

Mange steder finnes det samtalegrupper for ungdommer som har opplevd at foreldrene flytter fra hverandre. Ta kontakt med helsesøster på skolen der barna dine går, for å få vite hvilke tilbud som finnes der dere bor.

Dere kan også ringe Bekymringstelefonen Voksne for Barn, tlf. 810 03 940, eller sende en mail til bekymring@vfb.no.

Ta barn på alvor-serien inneholder:

HEFTE 1: Hjelp – barnet mitt sover ikke!

HEFTE 2: Bleie, potte og så toalettet

HEFTE 3: En skje for mamma . . . Om mat og matproblemer rundt måltidet

HEFTE 4: Når barnet begynner i barnehagen

HEFTE 5: Våg å være voksen og tydelig

HEFTE 6: Følelsen av å ikke strekke til

HEFTE 7: Når barn får søsken

HEFTE 8: Søsken til barn som har nedsatt funksjonsevne og / eller kronisk sykdom

HEFTE 9: Førpubertet – solidaritetens tid

HEFTE 10: Tenåringer

HEFTE 11: Barn som mobber eller blir mobbet

HEFTE 12: Sorg i familien

HEFTE 13: Når mamma eller pappa dør

HEFTE 14: Når samlivsbrudd er løsningen

HEFTE 15: Når mamma eller pappa er psykisksyk eller ruser seg

HEFTE 16: Deppa?